

## **Sandhåland velforening -Årsberettning året 2022.**

1 Historiemøtet blei ikkje gjennomført året 2022. Dette grunna fleire forhold, først og fremst kapasitet hjå trykkeriet som skal trykke heftet til Skudeneshøyden seniornett som omhandler vårt tema for møtet. Dette skal visstnok være seinverknader av covid. Men også må det tilskrives at foredragsholderane no blir eldre.

Det har vore kontakt imellom velforeningen og primus motor Jan Marton Jensen, som lovar at det vil bli møte no i 2023. Ein er einig om at me bør kome tilbake i salen.

Underforstått (bedehussalen) ☺

2 Årsmøtet 2022 blei gjort på mail som og dei foregåande åra sia 2019. Dette fordi det var Covid. Men og fordi det har vore ei enkel måte å gjere dette på.

I år er styret einig i at den gode debatten med meininger frå bygdane våre samt treffpunktet som eit årsmøte kan spele rolla i, gjer at me vil invitere til personlig oppmøte. Styret er forhåpentlig valgbare, det har vore jobba godt i 2022.

Styret består av Arne Gunnleiv Sandhåland, Cecilie Hesjedal Johannessen, Dagfinn Knutsen, Emil Sørheim og Eivind Nordbø.

3 Velforeningen meldte seg på ryddeaksjonen: 'Me rydder Noreg.'

Området har vore det samme som i fjar. Ryddinga har foregått i meir oppdelte former etter kva som har passa den enkelte familie, strendene våre og området i havna på Hemnes har vore i fokus. I tillegg blei Breivik sjekka ut.

I året 2023 vil me også rydde, om årsmøtet er einig i dette?

Leder har allerede våga seg til å melde oss på då dette blir gjort seint i desember. Dette er ei flott inntektskjelde for oss. Datoer må settes av årsmøtet (ca)

4 Styret med årsmøtet beslutta i 2021 å lytte til ønsket om ein tryggare skuleveg for barna i Hemnesbygda. Hemnes folket og styret har vist seg å være 'handlingsorientert'. I dag ligg grusparsellen der nærmest ferdig. Arbeidet starta med dugnad i mars, veldig godt oppmøte, flott bevertning i Igå til Heggheim. Fortsatte med møter i kommunen og fleire dugnader. Møte med Statens vegvesen i Haugesund og ein flott innsats av bygda sjølv i ledige stunder. Det store grantreet i kyrkjebakken v/ Audun og litt trafikksikring, grus og gjerding gjenstår. Dette viser at vi kan og at desse bygdene enda har dugnadsånd. Dette kan vi være stolt av!

5 I slutten av året 22 vart det spela inn prosjektet som i fleire år har vore utsett. Behovet for å oppgradere leikeplassen er nå nokså prekært. Carolina har fått ja på spørsmål om å starte ei idegruppe. Den har som formål å bidra til idear og godt oppmøte på dugnader ☺ Leikeplassen vår er jo bygd rundt båten som illustrerer 'Arken'. Fiskeskøyta frå bygda vår som ligg fortøyd til brygga i bak grunnen. Lekehytta illustrerer ei av sjøbodene som var planlagt bygd i havna på Hemnes.

Me har masse plass. Allerede under utgravinga blei områder innafor gjerde gjort klart for utviding.

6 Andre prosjekt utover leikeplassen og grusparsellen som me vil nevne er:

lysløypa, fotball løkka, bussholdeplass Sandhåland nord/sør. historiemøtene.

7 Velforeningen har i mange år hatt ein komite som skal arbeide med tilkomst for gående.

Den ser positivt på fleire innspel. Kanskje vegen opp til Dyrland eller til høgeHåland?

8 Vannrøyret ved søndre tunell mot sand. Ekstra belysning ved Sandhålandsvegen og Hemnesvegen. Drenering av fotball løkka med ny plen og ferdigstille gjerdet. Dette er prosjekt som enda er under lupa for styret.

9 Det siste året har det vore stabilt aukande medlemstal. Dette er positivt og minner oss om at me er innbyggjarar i levande bygder. Me har medlemmer i bygdane Haga, Sandhåland, Dyrland og Hemnes. I Kyrkjebakken og Langhei. Me har medlemmer i Skudeneshavn og Åkra.

Når no ting livnar opp, håpar og trur ein at oppmøtet er likegodt som før 😊

10 Årskontingent blei ikkje sendt ut for året 2021/22. Dette fordi folk heller skulle kunne konsentrere seg om straumrekninga si.

Kontingent for 2023/24 kan betalast inn til: 33611555143. Den er fortsatt på 200,- nok.

Leder 29.01.23, Eldfisk 2/7S